

Notat – nr. 2/2019

Gaute Hareide

### **Vonde og vanskelege bilder**

**Notat frå miniseminar ved Avdeling for mediefag  
over temaet: Vanskelege val ved innhenting av bilder frå  
kritiske situasjonar og vurdering av bilder med sensitivt  
innhald for publisering i media.**



<b>Forfattar</b>	Gaute Hareide
<b>Ansvarleg utgjevar</b>	Høgskulen i Volda
<b>ISSN</b>	1891-5973
<b>Sats</b>	Forfattar
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.hivolda.no/">http://www.hivolda.no/</a>

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

#### **Om notatserien**

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

## **Innhald.**

Innleiing	Side 4
Opplegg	Side 5
Førebuing	Side 6
Gjennomføring	Side 10
Etterakst og spin-off	Side 12
Eigenevaluering	Side 13
Samanfatning	Side 13
Vedlegg	Side 14 ff.

## Innleiing

World Press Photo er ei internasjonal konkurranse som årleg sidan 1955 har premiært gode resultat i ulike kategoriar av presse og dokumentarfoto. WPP er i dag den mest prestisjefylte fotokonkurransen i verda. Vinnarbiletet uansett klasse er dermed den mest prestisjefylte prisen nokon pressefotograf kan oppnå.

I 2017 gjekk denne prisen til eit bilde med så kontroversielt innhald at juryformannen reserverte seg mot avgjerda, noko som førte til ytterlegare debatt om dette biletet spesielt og om ein type pressefoto generelt.

Juryformann Stuart Franklin er professor ved Høgskulen i Volda og har publisert sitt syn på saka i ymse intervju, i ein artikkel i The Guardian og i ei førelesing ved HVO hausten 2017. <https://www.theguardian.com/commentisfree/2017/feb/13/world-press-photo-year-turkey-russian-assassination>

Vinnarbiletet og situasjonen det skildrar kan illustrere to spørsmål:

1. I kva grad og eventuelt korleis bør ein journalist nytte fotografisk opptaksutstyr i livstruande situasjonar, og;
2. I kva grad og eventuelt korleis bør ein redaksjon publisere bilder med sensitivt innhald.

Desse to spørsmåla er ein stadig viktigare del av media sin kvardag, der global terrorisme kan slå til kvar som helst og smart-telefonar alltid er til stades der noko skjer.

Som fotolærer ved journalistutdanninga i Volda har eg ei tid studert desse spørsmåla, og då eg gjennom kollega Burcu Peksevgen fekk klarlagt at den tyrkiske prisvinnaren Burhan Ozbilici kunne tenke seg ein tur til kalde nord var kimen til eit seminar sådd. Kollega Turid Øvrebø gjorde framlegg om siste veka i januar som høveleg tidspunkt for samling av flest mulig av våre journaliststudentar, Arne Humberst ved Internasjonalt kontor opna for stønad til reise og opphald og instituttleiar Jan Ytrehorn fann midlar til honorar.

Ein enkelt utanlandsk fotograf syntest, trass fagleg pondus og renommé å vere litt smått for eit seminar, så ei rekke mail vart sendt ut til ymse redaksjonar.

VG responderte med entusiasme og personale. Fotosjef Annemor Larsen kom eins ærend på redaksjonen si rekning og bidrog med fagleg tyngde som deltakar i paneldebatt etter innleiinga.

Der deltok også vår eigen spesialist på medie-etikk Svein Brurås, samt, etter fattig evne, underteikna.

Aftenposten sin Eirik Wallem Fossan kunne diverre ikkje kome, men leverte via mail ei rekke synspunkt som vart referert i løpet av debatten.

Målgruppa for tiltaket var eigne journaliststudentar, tilsette og andre interesserte.

Formålet var å presentere ulike døme på dei to tema for seminaret og invitere til diskusjon rundt desse.

Sjølv debatten vart gjennomført på norsk, då vi ikkje ynskte at språket skulle vere ein barriere for deltaking i debatten. Vår tyrkiske gjest var dermed utelaten frå denne, men då dette var avklart på førehand fekk han legge fram sine synspunkt i den innleiande presentasjonen. Han var også tilgjengeleg for spørsmål etterpå og i ein tilsvarende presentasjon for internasjonale studentar dagen etter.

## Opplegg

Fotograf Ozbilici kunne gje førstehands informasjon om korleis han opplevde å brått vere del av ein målretta terroraksjon. Seinare analyser av ei kritisk hending er noko heilt anna enn å oppleve den direkte, og Ozbilici måtte rekne med at han sjølv kunne vere neste offer. Kva han tenkte der og då, korleis han oppførte seg etter at skota small og kva bakgrunn han hadde for sine handlingar er direkte knytt til første tema for seminaret, og det var dermed naturleg å starte med han. Det var i utgangspunktet meininga å sette av 30-45 minutt til hans presentasjon med påfølgjande pause, men her var rom for endring i både form og tidsbruk. Eit moment i den vurderinga var at vi, utover hans posisjon som skrivande pressefotograf for Associated Press ikkje kjende personen særleg godt og dermed heller ikkje visste korleis han ville fungere som førelesar.

Formålet med å invitere han til Volda var å la studentane møte ein internasjonal størrelse på sitt felt og som den primærkjelden han er, la han dele av sine erfaringar frå denne bestemte kritiske situasjonen i Ankara og meir generelt; formidle frå sine erfaringar som journalist i miljø med anna syn på korrupsjon, valdsbruk og menneskeverd enn vi er vande med.

Andre del av seminaret var sett av til redaktørrolla, meir spesifikt til desken der daglege vurderingar av kva bilder som skal veljast eller veljast vekk og korleis dei skal presenterast blir tatt. Her tok eg på meg å lage ein innleiande presentasjon med døme på bilder der personvernet kan måtte vike av omsyn til saka, døme på bilder som kanskje må veljast vekk av omsyn til publikum sine kjensler, og døme på bilder som kanskje bør visast på trass av at dei er vonde å sjå. Før seminaret og før sjølv visninga vart det gitt tydeleg melding om kva som ville kome, slik at alle i salen skulle ha høve til å spare seg for unødig påkjenning.

Siste del av seminaret var sett av til debatt mellom salen og eit panel av fagfolk.

Annemor Larsen har tretti års erfaring som pressefotograf, og som fotosjef med ansvar mellom anna for desken i den største avisa i Norge er ho ein kapasitet vi var svært glade for å få med på seminaret. Ho kunne bidra med førstehands opplysningar om korleis norsk presse generelt og VG spesielt opplever og handterer den store straumen av bilder dei dagleg får inn, og korleis dei opplever og handterer kriser som til dømes terroraksjonen 22. juli 2011.

Svein Brurås er professor i medieetikk ved Høgskulen i Volda, og har stor innsikt i korleis media kan og bør bruke bilder i ulike samanhengar.

Underteikna deltok i panelet med praksis frå lokalavis og som VJ for TV, som fotolærer ved HVO gjennom mange år og i kraft av å ha dradd i gang seminaret og i samband med det å ha innhenta relevante data frå ulike hald knytt til dagsorden.

Vi såg det som formålstenleg at debatten vart styrt av studentane. Denne oppgåva vart teken hand om av tredje-års journaliststudent Jørgen Wear.

Opplegget vart laga i samråd med Hans Martin Dypvik, Turid Øvrebø, Svein Brurås og underteikna, men dei siste detaljane vart avgjort av underteikna aleine til liks med praktisk tilrettelegging og gjennomføring.

Seminaret vart sett opp som del av undervisninga for alle tre årskulla ved journalistutdanninga i Volda, men var også ope for andre. Vi reservertte derfor Strøm-auditoriet som med sine 196 sitjeplassar burde vere rikeleg stort nok.

## Førebuing

Ozbilici vart henta av underteikna på Vigra måndag 28.1. om kvelden. Alternativet Oslo-Hovden vart valt vekk sidan knappe to timar i bil og på ferje kunne gje god, personleg samtaletid. Eg kjende lite til personen Burhan Ozbilici utover det at faren var krigshelt og intellektuell, at han sjølv hadde studert fransk litteratur, historie og journalistikk ved eit fransk-språkleg institutt i Ankara, og at han hadde jobba som journalist ved ulike aviser før han vart tilsett ved Associated Press i 1989. Tidsbruken vart derfor sett som formålstenleg, og det viste at valet var vellukka.

Vi fekk god kontakt i løpet av turen og godt grunnlag for førebuing av opplegget neste dag. Vi kom fram til at ein presentasjon i form av intervju der eg til ein viss grad kunne styre framdrifta ut frå min kunnskap om publikum kunne vere vel så heldig som ei førelesing. Årsaka var primært ei oppleving av at hans lett avgrensede munnlege engelsk samt ein tendens til lange setningslekkjer kunne gje mindre målretta kommunikasjon enn ynskjeleg, noko han var samd i. I løpet av morgontimane tysdag sette vi derfor saman eit utval stillbilder og video utan lyd, som vi kunne velje frå alt etter kva vi i løpet av intervjuet hadde trong om å presentere for publikum. Vi vart samde om hovudtrekka, og at det skulle vere rom for innspel frå salen.

Dei hovudmomenta vi vart samde om å fokusere var følgjande:

1. Burhan Ozbilici vaks opp med ein krigshelt og lærar som far, ein som nekta å ta imot medalje for sin innsats, som underviste i islamsk vitenskap og rettspraksis, og som elska litteratur. Dette forbildet har i stor grad påverka hans arbeid som journalist.
2. Han har verna om sin integritet i form av å avslå «gåver» og ved å nekte å gjere sine tekster meir «tabloide» ved å legge inn påstandar eller vinklingar det ikkje har vore dekning for. Hans overgang frå skrivande journalist til fotograf kom som følge av det. Han vart skrivande fotograf for AP i 1989 og har såleis lang fartstid i eit uroleg område av verda.
3. Han dekte jordskjelvet i Kashmir i 2005, der meir enn 80 000 miste livet. I dette sensitive området hadde han stor fordel av sin muslimske og tyrkiske bakgrunn. Mellom anna fekk han pakistanske militære til å auke sin innsats i hjelpearbeidet for sivile. Han oppheldt seg her i over ein måned; blanda seg med dei lokale, sov i bilen og nytta elva til baderom. Arbeidstilhøva var såleis ikkje heilt i tråd med norske HMS-reglar. I felten er dei ofte ikkje det, noko våre studentar godt kan bli mint om.
4. Då skota small i Ankara heldt han seg roleg. Han unngjekk augekontakt med mordaren, flytta på seg av og til men aldri med brå rørsler, for ikkje å provosere eller dra til seg merksemd. Ein kort augneblink snudde han seg og tok to bilder av folk som sat samankropne på golvet, elles vart han ståande og fotograferte til han som siste mann gjekk baklengs ut av lokalet. Han var heile tida klar til å kaste seg ned om situasjonen skulle eskalere.
5. Ute av lokalet tok han straks kontakt med AP og melde frå om hendinga, før han sende over det han hadde av bilder direkte frå kameraet slik dagens praksis tilseier. Utval og eventuell redigering for publisering skjer i redaksjonen. Deretter skreiv han ned og sende inn rapport om opplevinga, før han stilte til intervju etter avtaler gjort av AP-redaksjonen.
6. Han protesterer mot å bli kalla «helt», han ser seg som reporter med oppgåve å rapportere det som skjer, slik det skjer, og kjende sterkt på at det i denne kritiske situasjonen var avgjerande viktig å gjere akkurat det. Sjølv om hjartet held på å slå gjennom brystkassa.

Annemor Larsen møtte i god tid med morgonflyet frå Oslo. Ho hadde på førehand fått tilsendt PDF av det materialet som skulle danne grunnlag for debatten og fekk ved oppmøte utskrift av siste versjonar av dette samt munnleg oppdatering av opplegget.

Svein Brurås hadde også fått utdelt utskrift av det bildematerialet som skulle visast i god tid før seminaret, og fekk ei siste oppdatering ved oppmøte tysdag klokka 12.

Min eigen presentasjon tok for seg personvern, vern av publikum og antatt visuell effekt, sjå vedlegg.

## **Personvern**

Bilder som identifiserer personar kan publiserast utan løyve og utan sladding sjølv om ein må anta at dette kan opplevast som belastande for den avbilda. Spørsmålet er kva som må til før “almenn interesse” overstyrer omsynet til personvern. Punktet her var knytt til dei overgrep «tyskerjenter» opplevde etter krigen.

Eit bilde av ein mobb som klipper håret av ei jente i april dagane 1945, med to born som ser på, i ulike grader av sladding, vart nytta som døme. Ei lang rekke ansikt og uttrykk er synlege og utgjer den berande delen av bildet sin visuelle verdi. Ingen av personane er kjende, men alle kan identifiserast av personar som kjenner/ kjende dei, og ein må anta at fleire av dei er eller har vore i live siste femten åra - som er den lovbestemte vernetida for personbilder. Bildet kan dermed ikkje publiserast etter lova sin bokstav med mindre det har «aktuell og allmenn interesse». Rettspraksis tilseier likevel at det er nok med «allmenn interesse» sidan dette er regelen innan EU (Uttale frå kollega Ellen Lexerød Hovlid under seminar på Sæbø 20-21. november 2018), men trass omfattande arbeid med endring av åndsverklova siste åra er ordlyden i den gjeldande paragrafen framleis den same som før. Det er dermed viktig å vite at «lov» og «rett» på dette punktet ikkje er identisk, og at § 1 b) i den nye åndsverklova kan vere ei god rettesnor når andre paragrafar skal tolkast.

Lagnaden til «tyskerjentene» har fått ein del merksemd og rettkomen kritikk frå ulike hald dei seinare åra. Det er vanskeleg for oss i dag å forstå den frustrasjonen og det hatet som oppstod i store deler av folket under krigen, men det synes heilt klart at det bildet av «tyskertøser» som «mindreverdige arvemateriale» for å sitere deler av norsk lege- og psykiatrivitskap lang opp mot vår tid har vore grundig etablert i folket og er ei viktig årsak til at overgrep og grunnlovsstridige handlingar har fått stå. Ei offisiell orsaking sat langt inne, og kom først 17. oktober 2018.

Eit interessant spørsmål blir då om det aktuelle bildet, som viser klart sympatiframkallande ansiktsuttrykk til to born og ei kvinne i det ho står inneklemmt og blir skamklipt av ein mobb, kunne bidrege til ei orsaking på eit tidlegare tidspunkt om bildet hadde vore publisert før. Dette bildet stemmer ikkje med det bildet som vart skapt for å forsvare overgrepa i 1945. Uttrykket “tyskertøs” som då vart brukt var klart stigmatiserande. Dei vart framstilte som horer, svikarar og mindreverdige menneske. Røynda var vesentleg meir nyansert.

## **Publikumsvern**

Etiske omsyn i bransjen tilseier at ein ikkje viser bilder av døde personar, og særleg ikkje når det er tale om bilder som ved sitt innhald er eigna til å påføre ubehag. Punktet her var knytt til katastrofer, spesifikt tsunamien i det Indiske havet i 2004.

BBC sine «editorial guidelines» kan vere ei bra rettesnor i slike høve, særleg punkta 7.4.38 og 7.4.42. Her heiter det at media må ta omsyn både til dei ein kringkastar om, og dei ein kringkastar til. Vidare at synet på privatliv, uttrykk for sorg og bilder av død er ulikt i ulike kulturar, og at ein aksept for fotografering og intervju av eit katastrofeoffer ein stad ikkje nødvendigvis betyr at det kan kringkastast til publikum ein annan stad.

Den norske «Ver Varsam-plakaten» punkt 4.6. seier mykje av det same. Det er vidare vanleg i Norge å vere vesentleg meir varsame med å vise bilder av døde enn det er i våre naboland.

Etter grundig vurdering enda eg med å vise eit utval bilder som langt frå kunne illustrere omfanget av denne katastrofen, men som i det minste viste deler av det som skjedde. Nokre bilder av dei eg viste var i overkant presise for publikasjon i Noreg og Europa for øvrig, andre bilder valde eg vekk då eg vurderte dei som for vonde å utsette studentar for.

## Visuell effekt

Ei innvending mot vinnarbiletet WPP 2017 er at det er «eit bestillingsverk» frå ein “martyraspirant” med ynskje om eit «ikonisk» ettermæle, og at biletet dermed ikkje burde vore publisert i det heile. Juryformann Franklin reservert seg mot tildelinga ved å vise til at dette var eit mord planlagt for kamera, og peika på faren ved å premiere valdshandlingar ved å publisere bilder av dei.

Det blir antatt at slike bilder kan ha smitte-effekt, jamfør drapet på ordførar Pavel Adamowicz i Gdansk, Polen, 13. januar 2019 der mordaren poserer for publikum etterpå.

I min presentasjon vart det derfor vist eit bilde med nesten identisk innhald men utan “heroisk” posering av mordaren, og antyda at dette biletet kanskje kunne vore valt i staden. Om det i så fall ville nådd opp i konkurransen om beste pressebilde for 2017 er eit anna og ganske interessant spørsmål.



Visuell effekt med anna forteikn har vi i serien av foto frå konsentrasjonsleirar, som gjer det særst vanskeleg for høgrekrefter i dag å nekte for Holocaust og som har gitt støtte ikkje minst for etableringa av staten Israel. Frå vår heimlege arena har vi Utøya, der mangelen på publiserte bilder frå massakren kan bidra til gradvis emosjonell avstand til tragedien for oss som ikkje var der, samstundes med at behovet for støtte til mange som var der aukar.

Dette punktet vart direkte kopla til Ozbilici sitt ikoniske bilde frå Ankara, til den då nær dagsaktuelle hendinga i Gdansk, og til Niclas Hammarström sin bilder frå Utøya som vann pris for fotoreportasje i WPP 2012. Fleirtalet av desse bileta er ikkje til no publiserte i Norge, og fotografen har måtta tole ein del kritikk i Norge, også frå journalistar, for i det heile å ha teke dei. Eg har ikkje spurt Hammarström om løyve til å vise serien, men eg har informert han om bruken og om resultatet.

Visning av bilder av denne typen krev omtanke. Eg tok tidleg kontakt med dei av våre studentar som eg visste hadde opplevd massakren aller på anna vis hadde personleg tilknytning til den og bad om råd i saka. Eg enda med å vise Hammarström sin bildeserie, men først etter åtvaringar som gav publikum høve til å unngå å bli utsett for desse bileta utan å dra til seg merksemd.

Eg informerte våre studentar om saka på førehand via våre elektroniske kanalar. I tillegg gav eg ved starten av seminaret nøyse beskjed om kva som skulle visast og når, slik at dei nærast involverte fekk høve til å trekke seg unna etter pausen. Vidare varsla eg i løpet av presentasjonen om kvart tilfelle av «grafisk» innhald før visning, slik at dei som ønska det kunne sjå ned eller late att augo. Det verka som dette fungerte bra. Fleire har gitt uttrykk for det, og ingen har til no gitt uttrykk for det motsette.



## Gjennomføring

Vi hadde sett av tysdag klokka 1215 til 1530 som ramme for presentasjon og debatt i plenum, dette av omsyn til føregående undervisning for nokre av studentane, og til ettermiddagsfly heim til Oslo for ein deltakar i debatten.

Fem minutt på overtid hadde straumen roa seg. På foto frå seansen ser vi at dei to fremste rekkene og nokre få enkeltsete er ledige. Nokre få var fråverande under del to, men under del 1 og 3 var meir enn 140 studentar til stades i salen. Av ei målgruppe på 148 studentar der to hadde meldt forfall må dette seiast å vere bra.

### Første del

Eg starta med ein gjennomgang av kva tema som stod på dagsorden, forklarte om korleis dei ulike bilde som skulle visast var valde ut og kva som var formålet. Deretter gav eg tydeleg informasjon om framdrifta; at vi først skulle få helse på vår gjest frå Tyrkia, deretter ein pause før eg presenterte ei rekke bilder med sensitivt innhald inklusive bilder frå Utøya som til no ikkje har vore publisert i Norge, deretter ny pause og så ein omgang med spørsmål frå salen til eit panel av eigen og ekstern kompetanse.

Eg introduserte deretter vår gjest, prisvinnaren og AP-fotografen Burhan Ozbilici. Spørsmåla eg hadde budd meg på slapp eg i vesentleg grad å stille, med unntak av nokre få gongar der eg fann grunn til kommentar eller understreking av eit punkt. Trass litt haltande engelsk og upresis bruk av mikrofonen heldt Ozbilici publikum fanga. Han fortalde om sine opplevingar og formidla sine synspunkt med stort engasjement, og det var tydeleg at studentane opplevde engasjementet som ekte. Dermed var det ingen grunn for meg til å forstyrre sjølv om framdrifta vart litt annleis enn planlagt og tidsbruken gjekk over skjema.

Applausen kom spontant og unisont då vi avslutta intervjuet etter ca. ein time, deretter kom ca. eit kvarter med spørsmål og svar før ny applaus og pause.

I løpet av denne tida hadde Ozbilici fått fram følgjande poeng:

1. I ein situasjon som den i Ankara er det viktig å unngå augekontakt, sidan det kan verke provoserande. Brå rørsler er også viktig å unngå, av same årsak. Det beste for ein fotograf i ein slik situasjon er å bli ståande og halde fram med fotograferinga, med mindre terroristen skulle svinge våpenet direkte mot deg eller skyte vilt rundt seg. I så fall må ein vere klar til å slenge seg ned for å bli eit mindre mål.
2. Integritet er viktig, også i områder der korrupsjon er vanleg. Det kan provosere og det er ikkje spesielt lønsamt, men det skaper respekt. Journalistikk til behag for opplagstal eller maktpersonar eller rikfolk kan vere lønsamt på kort sikt, men øydelegg integriteten.
3. Journalisten si oppgåve er å rapportere. Det inneber at ein bør halde seg i god fysisk form slik at ein er i stand til å kom seg inn i og opphalde seg i områder utan vegar og hotell og service av anna slag over lang tid. Det inneber at ein også, når det høver seg slik, kan gje generalar beskjed om at også hæren sin innsats i eit katastrofeområde kan betrast. Jambør punktet om integritet.
4. Fotografen sender inn eit grovt utval av uredigerte bilder (som regel rett frå kamera, min kommentar) til redaksjonen, som gjer det endelege utvalet.
5. Som vitne til ei hending må du både fotografere og skrive, og nokre gongar også stille til intervju i dei kanalar arbeidsgjevaren din ber deg om.
6. Lytt til autoritetar (som t.d. lærar) og lær av dei. (Dette siste var sjølv sagt kjekt å høyre for mange av oss i som tilhøyrrer den gruppa.)

Ozbilici sin presentasjon var støtta av eit utval stillbilder og video frå mordet i Ankara, utan lyd.

## Andre del

Min eigen presentasjon vart gjort med stor vekt på det visuelle. Utvalde bilder vart presentert med stikkord eller heilt utan tekst, sjå vedlegg), og eg gjekk i liten grad lenger enn dette munnleg. Unntaket var temaet «tyskerjenter», der eg refererte Aftenposten, museet og ABM-sektoren si grunngjeving for sladding og min eigen grunn til ikkje å gjere det.

Videoen frå Gdansk vart vist som den er, henta frå VG-TV, med posering Eg nemnde at andre stasjonar hadde valt å utelate dette, medan atter andre hadde fokusert meir på just det elementet Også denne vart vist utan lyd.

Hammarström sine bilder viste eg utan kommentar. Eg let kvart bilde stå i ti sekund så det tok to minutt å kome gjennom serien. Dette hadde ein uventa verknad på meg sjølv. Trass i at eg hadde gått gjennom bileta fleire gongar før sleit eg med å halde attendee tårene. Det verkar som serien óg gjorde inntrykk på publikum. Det var heilt stille i salen både under visninga og ei drygt minutt etterpå.

## Tredje del

Etter ein ny pause var det tid for debatt, noko tredjeårsstudenten Jørgen Wear heldt styr på med akkurat passe kontroll. Også han hadde fått utlevert utskrift av det som skulle visast i god tid.

Sjølve debatten skal ikkje analyserast her. Den varte ein knapp time og vart ikkje dokumentert. Det bør vere nok å nemne at mange spørsmål vart stilte og at panelet svarte etter beste evne. Ei enkel oppsummering får vere at temaet fenger, at vår kunnskap om effekten av bildebruk er liten sjølv om bildebruken i media er kolossal – at det trengs forskning på området synes heilt klart – og det var semje om at både sterke ord og sterke bilder kan svekkast ved overdriven bruk.

Altså: Ver Varsam! Men ikkje tannlaus.



## Etterrakst og spin-off

Ymse omsyn gjorde at Ozbilici kom til Vigra klokka sju om kvelden måndag 28. januar og reiste igjen derifrå torsdag 31. januar klokka fire. Dette gav oss tid.

Fagleg utvikling i kontakt med andre utøvarar nasjonalt og internasjonalt er eit viktig element i verksemda til universitet og høgskular. Denne gongen vart dette eit tilfelle som seminaret spesielt og eg generelt fekk nytte av. Eg har allereie nemnt at køyreturen frå Vigra gav to timar god samtale, og at informasjonen vi der fekk utveksla vart viktig for den vellukka gjennomføringa av seminaret.

Onsdag føremiddag vart nytta til ein tur til Fyrde og Bjørke. Ozbilici fekk dermed både oppleve islagde kommunale vegar i kupert terreng og to fjordbotnar tett i tett i same (i alle fall snart same) kommune.

Torsdag ordna vi det praktisk/økonomiske før eg køyrde han til hurtigbåten på Hareid via Runde, Fosnavåg og Brandal. Han fekk dermed oppleve noko av det vi har av både fjordland og øyland og han fekk vite mykje om historie og livsgrunnlag langs Norskekysten som han ikkje visste frå før.

Framfor alt fekk vi begge gode opplevingar og gode samtaler både fagleg og personleg, og la eit godt grunnlag for ytterlegare kontakt. Dette kan kanskje verke banalt, men etter mi erfaring er slik tidsbruk svær "lønsamt" i arbeid med å knyte nye, gode kontakter.

Onsdag ettermiddag deltok han på førelesinga i Photo for Media, som alltid skjer på engelsk. Det vil seie, denne gongen fekk mine fire franske studentar ein halvtime ekstra på eige morsmål.



## Eigenvurdering av ide, opplegg og gjennomføring

Eit moment eg sjølv opplevde som gledeleg overraskande var kor positivt invitasjonen vart motteken både av Ozbilici og dei vi kontakta i norske medier. Rett nok hadde berre VG høve til å sende nokon til Volda denne gongen; til gjengjeld var dette ein retteleg kapasitet på området, men dei aller fleste svarte og beklaga sterkt at dei ikkje hadde tid og at vi gjerne måtte invitere på nytt ved seinare høve. Temaet er oppfatta som viktig, noko eg fekk melding om frå både NRK, VG, Aftenposten og BT.

Oppmøtet på ca.150 av ei slik målgruppe studentar og lærarar tyder også på at temaet er viktig.

Spontane uttaler frå fleire etterpå i retning av at dette var ei bra/veldig bra/av dei beste/den beste førelising nokon gong i løpet av tre år i Volda, varma. Det bør dermed vere liten tvil om at seminaret var vellukka.

Kvifor suksess?

Eit stikkord er førebuing. Ozbilici gav tydeleg uttrykk for at dette etter hans syn var godt ivareteke her i motsetnad til eksempelvis Princeton, noko vi sjølvsagt bør glede oss over utan å bli altfor høge på pæra. Det vart lagt ned ein del innsats i førebuinga, som nemnt, frå fleire.

Eit anna stikkord er timing. Mordet i Ankara skjedde for over to å sidan, flaumbylgja i det Indiske havet kom i 2004 og massakren på Utøya kom i 2011. Men mordet i Gdansk skjedde berre to veker før seminaret. Vi skal ikkje påstå at valdsbruk er meir utbreidd enn før, men smart-telefonane har heilt klart ført til at det sjeldan skjer noko dramatisk i verda utan at media få minutt seinare har tilgang til bilder og/eller video frå hendinga. Dette er nytt, og det inneber at våre studentar i enormt større grad enn tidlegare vil møte ein kvardag med krav til raske avgjersler om etisk og journalistisk forsvarlege val av eller forkasting av bilder og video med sensitivt innhald. Ofte vil dette skje under press, og det vil stundom skje at ein gjer val som viser seg å vere mindre heldige.

Dei første timane og dagane etter eksplosjonen i regjeringskvartalet 22. juli 2011 viste dette tydeleg. Dette var noko ingen i Norge var budde på, heller ikkje media, og det vart gjort feil.

## Samanfatning

Dei to spørsmåla som danna dagsorden for seminaret fekk berre delvis gode svar. Det var også venta.

Ozbilici sin reaksjon var tilpassa det aktuelle tilfellet. Den fungerte godt der og då, og hans råd om å halde seg roleg og unngå augekontakt er vel verd å minnast om andre skulle hamne i liknande situasjon. Det same gjeld det han sa om å vere klar til å kaste seg ned om situasjonen skulle tilspisse seg.

Attentatet i Ankara var likevel ein heilt spesiell situasjon som ikkje kan nyttast som universelt døme. Det er ei kjennsgjerning at dei som fotograferer våpenbruk er meir utsette enn dei som ikkje gjer det, og at dei som har brei kunnskap om ulike former for trugande situasjonar er mindre utsette enn grønskollingar. Det kan derfor vere verd å vurdere invitasjon av nokon med brei konflikterfaring til eit seinare seminar om dette temaet.

Spørsmålet om publisering av sensitive bilder fekk i grunnen berre eitt klart svar på seminaret: Denslags bør gjerast sparsamt og med varsemd. Det var heller ikkje venta nokon klarare konklusjon enn det. Det kom tydeleg fram i debatten at spørsmålet er ikkje eitt, men mange, som må vurderast i kvart tilfelle. Det kom også fram at vi har lite av forskning å støtte oss på og at det vesle som er gir uklare svar. Det i seg sjølv er interessant, og burde vere noko å ta tak i for forskarar med interesse for visuell kommunikasjon i media.

Det må jo vere eit paradoks at vi veit så lite om effekten av bildebruk i ei tid då dette i mange medier er meir omfattande enn bruken av tekst.

Vedlegg: Powerpointen frå seminaret, med unntak av Hammarström sin bildeserie frå Utøya.

Denne er tilgjengeleg på <http://niclashammarstrom.com/stories/utoya/> for dei som vil sjå den, men eg vurderer deler av den som framleis for sensitiv for generell publisering i Norge.

Bileta frå tsunamien er publiserte på Internet utan kreditering og det viste seg uråd for meg å finne ut kven som har tatt alle. Det beklagar eg. Ein fotograf ønska å vere anonym.

## Vonde og vanskelige bilder

Kvar går grensene for publisering av foto med sensitivt innhald, og korleis vurderer vi dette i ulike samanhengar?

## Overgrep og personvern.

Eit fotografi er ei personopplysning.  
Vi har alle rett til vårt eige bilde, og rett til privatliv.  
Personbilder kan derfor ikkje publiserast utan god grunn.

Omsynet til informasjons- og ytringsfridom kan gi slik grunn  
(jamfør åndsverklova § 1. b).

Personvernet må stundom vike av omsyn til almenn interesse.



Kvinner som hadde kontakt med tyske soldatar under andre verdenskrigen fekk lide for det då freden kom. Dette bildet er frå Frankrike, tatt av Robert Capa



18 Journal of Peace Studies / Journal of Peace Studies

MAGASIN MAGASIN

Journal of Peace Studies

Som vi kan sjå var overgrep mot slike kvinner ein utbreidd og akseptert del av fredsfeiringa.



En kvinneløst 17. mars 1945. (Fotografert av Erling Sjøland)

«Også dette var ein del av «Stavanger i Fest», og for den del: Norge i fest. Tusener av kvinner vart mishandla av tusener av menn. Det helle vart applaudert av hundretusener gode nordmenn, og vi var ikkje aleine. Det skjeddte over heile Europa.



Fotografert: Erling Sjøland. (Fotografert av Erling Sjøland)



Desse fotomina frå fredsfeiringa vart presentert i Stavanger Aftenblad 17. mars 2018.

## Skamklipping og fredsrus i Stavanger 1945

Skamklipping og fredsrus i Stavanger 1945. (Fotografert av Erling Sjøland)

Fotos: Erling Sjøland



Dette bildet vart publisert utan sladding for første gong den dagen.

Sju månader seinare bad den norske regjeringa om orsaking for dei overgrep, ulovlege fengslingar, tap av statsborgarskap og deportasjon som tusener av norske kvinner vart utsette for våren og hausten 1945.

Foto: Erling Sjøland



FOTO: Ureg. Torkel / Stavanger Aftenpost

Stavanger 1945. En mann vil klatre på kvinnen som hadde hatt et kjærlighetsforhold til en tysk soldat.

Aftenposten brukte bildet 27. oktober, med sladding. Vi veit ikkje kven nokon av personane er eller kva bakgrunn dei har. Kanskje hadde ikkje kvinna gjort noko meir enn å smile til ein tysk soldat. Det var stundom nok.



Museet som i 1984 fekk negativa brukte bildet for første gong i 2015, i sladda versjon utstilt i egne lokale.



ABM-sektoren brukar no bildet slik som dette, i ei intern utgreiing om etiske retningslinjer ved bilebruk.



Sladding blir gjort for å anonymisere, av omsyn til personvern.

Kven skal då vernast, korleis, og kor mykje?

Kan vi framleis kjenne att dei som er sladda?



Endrar vi innhaldet ved å sladde nokre og ikkje alle?

Er ikkje skadefryden hos mennene, fortvilninga hos jenta og den sjokkerte undringa hos dei to gutane like viktige deler av historia?

Bør vi sensurere slik?



Hadde orsakinga kome før dersom bilder som dette var publiserte tidlegare?



## Katastrofer og vern av publikum

Nokre bilder er så grusomme at det gjer vondt å sjå dei.  
Likevel må dei stundom visast, når saka sitt alvor krev det.

Kva og når og kor mykje kan vere vanskeleg å vite.

26. desember 2004 slo flodbølger inn over kystane rundt det Indiske havet.

Halvannen million menneske vart heimlause.

Langt over 200 000 menneske døde.

Over 2 000 var europeiske turistar.

Korleis illustrerer ein slike katastrofer?

Tal blir meiningslause.

Foto som kan formidle ein slik tragedie kan vere vanskelege å finne og enda vanskelegare å velje ut.










Foto: Anonym



Dette bildet viser saka veldig presist frå eit europeisk perspektiv.

«Våre» to tusen vil jo alltid kjennast nærare og sterkare enn «dei andre» sine to hundre tusen.

Kynisk, men sant.

Bildet var fjerna frå nettet etter få timar, det vart for sterkt.



Dette vart verande.

## Terrorhandlingar

Mordet i Ankara var ei terrorhandling, utført for merksemd og martyrium.

Ein norsk terrorist myrda mange fleire og fekk den merksemda *han* ville ha.

For to veker sidan skjedde mord på open scene i Gdansk, kanskje med same formål.

Dette berre for å nemne eit lite utvalg.



Det er blitt hevda at vinnarbildet til venstre ikkje burde blitt publisert, sidan det er akkurat det bildet mordaren gjerne ville ha. Tanken er at bildet til høgre fortel same historia utan å vise mordaren som ein helt, og derfor heller burde blitt brukt.

Vinnarbildet er rett og slett for bra, sidan det er ikonisk og kan inspirere til nye mord. Stemmer det? Vi veit ikkje.



Mordet i Gdansk for to veker sidan vart også utført framfor eit publikum, og mordaren poserte etter ugjeringa.





Vår eigen massemorðar levte sjølvportrett og var truleg nøgd med plasseringa, ikkje minst i Dagbladet.



Med nokre unntak var bildebruken rundt vår store tragedie varsam, men feil vart gjort.

Anne Hege Simonsen skreiv doktorgrad om «Tragediens bilder – et prosessuelt perspektiv på nyhetsfotografier fra 22. juli.»

Norge var i sjokk, skriv ho; også media. Det prega bildedekninga, som no manglar viktig historisk dokumentasjon.

Bilder som ikkje kunne trykkast den gongen burde likevel bli tatt, hevdar ho.

Ho har nok rett, men også fotografar har kjensler.

Det som vart dokumentert og vist den gongen, var stort sett materielle øydeleggingar og bergingsarbeid.

Det var nok, den gongen.

Tragedien var for nær.



Foto: Berit Roald





Foto: Pål Audestad

Bilder som dette var ille nok.



Foto: Sara Johannesen



Foto: Svein Gustav Wilhelmsen





Foto: Anonym



Foto: Anonym

Det vart mykje fokus på sorg og medkjensle.



Foto: Jonathan Nackstrand



Den svenske fotografen Niclas Hammarström kom tidleg til Utøya med båt.

I konkurransen om verdas beste pressefoto året etter fekk han andrepremie for ein serie på tolv bilder frå staden.

Bildeserien er ei respektfull skildring av tragedien.

Den er også hjarteskjerande.

Det er kanskje på tide å vise desse bileta også i Norge?



Det er ei allmenn oppfatning at bildet påverkar,  
at bilder seier meir enn ord,  
at dei snakkar til både hjartet og hjernen.

Bildet kommuniserer annleis enn ord, men -  
at det påverkar sterkare enn ord er ei tru vi kanskje ikkje har belegg for.

Enkelte undersøkingar tyder på det, andre tyder på det motsette, dei få som finst.

Det vi bør tenke på er at både bilder og ord kan slitast ut.

«Sterke» bilder og ord er ikkje så sterke lenger om vi ser og høyrer dei dagleg.

Dei bør brukast varsamt.